



DOVRE KOMMUNE

Saksnr: 2008/124 -28

Arkiv: 223

Saksbehandler:

Bernhard Svendsgard

Dato: 06.02.2013

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
21/13	Plan-, nærings- og utviklingsstyret	13.03.2013

Einbugga kraftverk - merknad til planendringssøknad

Vedlegg

- 1 Lokale merknader
- 2 Einbugga kraftverk, endrede planer. Miljøfaglig uttalelse
- 3 VS: Einbugga Kraftverk SUS - søknad om planendring for Einbugga kraftverk - høring
- 4 1 Planendringssøknad Einbugga kraftverk 2012-10-04
- 5 2 Planendringssøknad Einubgga kraftverk, vedlegg 1 2012-10-04
- 6 3 Planendringssøknad Einubgga kraftverk, vedlegg 2 2012-10-04
- 7 4 Kart røtrase og ny vei
- 8 5 Visualisering
- 9 6 Vurdering av villreininteresser

Vedtak til:

NVE

Saksutredning:

Dovre kommune har mottatt planendringssøknad om konsesjon til bygging av småkraftverk i Einbugga fra NVE. Søknaden er utforma av Sweco på vegne av fallrettseierne på strekninga. Dovre kommune skal gi uttalelse til søknaden og NVE skal senere fatte vedtak i saka etter vannressursloven. Dette er en endringssøknad av tidligere konsesjonssøknad. Dovre kommune har fått utsatt høringsfrist til 20.03.2013.

Søknaden har fortsatt to alternative utbygginger. Søkerne ønsker å benytte vannfallet mellom høydekote 930 og 510, alternativt 890 og 510 i Einbugga på Dovre. Årsproduksjonen er beregna til om lag 15,2 GWh, alternativt 14,5 GWh.

Anlegget består av et rør og tunnel på omlag 4.3 km. Inntaket består av en fire meter høy og tredve meter bred demning og kraftstasjonen blir plassert i et mindre bygg på kote 510, like ved jernbanelinja. Anlegget krever at ny høgspenning blir etablert.

Vegtrasèene inn til tunnelpåhogg og inntaksdam og kravet til minstevannføring er nå endret i forhold til opprinnelig søknad. Ellers er søknaden uendret.

Det vises ellers til vedlagte søknad.

Det har i høringsperioden kommet fire merknader fra lokale parter; Trygve, Marit, Hans og Rannei Hovde, Bergsgrende hytteeierforening, Åse Løken og Villreinnemnda for Rondane. Alle merknadene er vedlagt saken. Seinere er det også kommet uttalelse fra Oppland fylkeskommune.

Vurdering:

Dovre kommune fremmet innsigelse til tidligere søknad. Denne innsigelsen omhandlet flere punkt i søknaden, bla. minstevannføring, vegframføring, landskapshensyn, massedeponi, biologisk mangfold, osv. Det ble også etterlyst et reelt utbyggingsalternativ med vesentlig mindre negative konsekvenser. Dette resulterte i at kommunen la ned innsigelse på grunn av negative konsekvenser og inntil et bedre vurderingsgrunnlag forelå.

Det vises i tillegg til saksutredningen ovenfor, til følgende miljøfaglige vurdering:


Einbugga kraftverk – endra planar - miljøfagleg vurdering:

I saka om endra planar føreligg det ei uttale frå villreinnemnda for Rondane og Sølnekletten, frå Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune som går på miljøfaglege omsyn. Alle er negative til dei endra planane m.a. ut frå omsynet til villreinen. Ein setereigar har merknader til den planlagte vegen til inntaket ut frå omsynet til gamle stigar og vegar i området som den nye vegen er planlagt å følgje og i stor grad vil øydeleggje. Fylkeskommunen har også merknader ut frå omsynet til fisk og kulturminne.


Rørgate

Dei nye planane endrar ikkje traséen for rørgata. Gjennom kulturlandskapet ned mot Dovre, vil ledningstraséen vere svært eksponert frå store område i bygda fordi ho må haldast fri for tre i ei gate som er minst 10 m brei for å sikre vedlikehald av rørleidninga. I eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap, slik som Bergsgrende er utpeikt til, er dette eit skjemmande og uønska inngrep.

Veg og rørgate etter opprinneleg søknad:



Anleggs- og driftsveg Einbuggdalen, endra planar:



Atkomstveg til inntaksdam – nytt tiltak

I dei aktuelle utbyggingsplanane er det planlagt bygd veg frå Grimsdalsvegen ovanfor «storsvingen» inn til Bakkasætre/Skjelstadsætre og vidare inn i Einbuggdalen nesten fram til Haugasætre. Det er planlagt bru(er) over elva for å kome fram til planlagt inntaksdam. Vegen vil ha standard som skogsbilveg store, kan hende standard som traktorveg siste strekninga. Miljøfagleg er dette ei endring som gir vesentleg større konsekvensar av ei utbygging enn den fyrste søknaden der vegen berre skulle gå til tunnel-inntaket. Med dei bratte dalsidene i Einbuggdalen vil vegen visuelt gi eit stort og svært synleg inngrep med skjeringar og fyllingar, samstundes som det fører ferdsel og trafikk mykje lenger inn enn om det ikkje vart bygd ein veg, jf. omsynet til villreinen. Hytteforeninga har i sin merknad til planane sett som krav at vegen må kunne nyttast som skiløype om vinteren. Uavhengig av om vegen blir aktivt tilrettelagt for ferdsel og skigåing, vil sjølve vegtraséen og skuterkøyring langs vegtraséen trekkje ferdsel frå ma. hyttefeltet og gi lett tilgang til attraktive og tidlegare lite brukte høgfjellsområde både sommar og vinter. Ein låst bom på vegen vil redusere motorferdsel, men ikkje annan ferdsel. Ein veit også at slike bomvegar i praksis ofte ikkje blir låst.

Omsynet til villreinen

Vurderinga av villreininteressene frå Rådgivende biologer har kart som viser at vegen til inntaket og inntaksdammen går inn i leveområde for villreinen definert i Fylkesdelplan for Rondane. Av oversiktskarta som rapporten viser, blir det trekt konklusjonen at den planlagte vegen, inntaksdam og rørgate ikkje rører ved område som villreinen brukar, og at inngrepa delvis ligg langt frå viktige område for villreinen. Vurderinga bagatelliserer også at den planlagte vegen vil gi meir ferdsel inn i villreinområda. Sjølv om rapporten viser til samtalar med lokalkjente folk og villreinforskarar, er konklusjonen i rapporten ikkje i samsvar med allmenn lokal oppfatning av kva for inngrep som er i konflikt med villreininteressene. Dette viser også uttala frå Villreinnemnda, der det sit politikarar frå kommunane i villreinområdet, ma. Dovre kommune.

Villreinnemnda er redd for at vegen som blir bygd inn i villreinområdet vil gi meir ferdsel inn i tidlegare lite brukte område og med det gi forstyrning av villreinen. Området mellom Grimsdalsvegen og E6 er eit svært viktig område for villreinen i Rondane. At villreinen pr. i dag ikkje brukar akkurat dei areala der vegen og inntaksdammen er planlagt er mindre relevant. Det er godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet at villreinen jamnleg brukar område rett ved, og så nært at ein veg og folk som nyttar vegen vil forstyrre dyra i området. Villreinnemnda understrekar at fordi området nord for Grimsdalen er eit svært viktig område for villreinen, kan ein ikkje ta sjansen på å gjennomføre inngrep som kan føre til at villreinen sluttar å bruke området og at beiteareal går ut av bruk.

Fiske i Einbugga

Lokalkjente personar opplyser at Einbugga har fisk med brukbar størrelse heilt inn i fjellet. Det er viktig at det blir lagt til rette for å behalde denne fisken. Viktig gyteområde er registrert i dei nedste delen av Einbugga ned mot Lågen. Det er viktig at det blir lagt til rette for at fisk kan gå opp i elva. Konsekvensane ved tiltaket i høve til fisken er med det for lavt vurdert.

Eksisterande stigar

Rapporten konkluderer med at området som blir berørt av utbyggingsplanane er relativt lite brukt i friluftssamanheng. Dette er rett, men det er likevel viktig å ta vare på eksisterande stigar og brukte friluftsområde for dei som brukar området. Det er etablert eit, for Dovre, større hytteområde øvst i Bergsgrenda. Både for hytteområdet og for lokalbefolkninga er det viktig å ta vare på eksisterande stigar

i området. Ein setereigar peiker i si uttale på at vegen inn i området er lagt i fara til dei gamle vegane og stigane i området og vil øydeleggje dei. Dette er svært negativt ut frå omsynet til kulturminneverdien desse vegane og stigane representerer. Ein kjenner ikkje til alderen på disse vegane og råka. Det er ikkje usannsynleg at dei vart brukt og tilrettelagt for ferdsel langt tilbake i tid.

Planlagte utbyggingar av sideåene til Lågen.

Det er konkrete utbyggingsplanar i 3 sideåer til Lågen i Dovre:

Ryddølsåe – planane er godkjent. Dette prosjektet gir rel. små negative miljøkonsekvensar. Utbygginga og rørgata følgjer ådalen og prosjektet vil ikkje gi nye vegar, inngrep eller auka ferdsel i urørte område. Inngrepa i samband med utbygginga er avgrensa til ådalen.

Rådåe – I planlagt utbygging er vegen til inntaksdam og rørgate i konflikt med den gamle kongevegen frå Åteigen, og det blir vurdert andre løysingar. Generelt synest denne utbygginga meir konfliktfylt enn utbygginga av Ryddøla, men langt mindre konfliktfylt enn planlagt utbygging av Einbugga. Ein årsak er at inngrepa blir mindre fordi terrenget ikkje er så bratt og ulendt som i td. Ryddølsdalen og Einbuggdalen.

Einbugga – Planane som nå er til høyring gjer denne utbygginga til den klart mest konfliktfylte av dei tre kraftutbyggingane som er planlagt i Dovre. Det som skil denne planen frå dei to andre er at inngrepa går lenger inn i fjellet, at tidlegare urørte naturområde (langt inn i Einbuggdalen) nå blir sterkt prega av omfattande og store inngrep som veg, inntaksdam og rørgate i dei bratte dalsidene til Einbuggdalen. Utbygginga er meir konfliktfylt i høve til villreinen og viktige villreinområde enn noko anna inngrep i Dovre kommune på fleire tiår. Årsaka er det ulendte terrenget i Einbuggdalen og at inntaket er lagt såpass høgt til fjells og inn i fjellet Dovringane har elles vore svært varsame med slike uopprettelege inngrep i sårbare villreinområde. Villreinnemnda har uttalt seg svært negativt til planane som føreligg og går imot utbyggingsplanane slik dei føreligg.

Naturmangfaldlova

Saka skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

§8 Kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapsgrunnlaget i høve til villreinen er tilstrekkeleg til at ein veit at villreinen i Rondane/Dovre er svært sky, at auka ferdsel i området kan føre til at villreinen ikkje vil nytte området, og at beiteareal går ut av bruk.

§ 9.Føre-var-prinsippet:

Føre-var-prinsippet tilseier at ein ikkje kan ta sjansen på å gjennomføre det omsøkte tiltaket når ein veit at ein mogleg konsekvens er at villreinen ikkje lenger vil nytte området (jf. uttale frå villreinnemnda).

§ 10 Økosystembelastning og samla belastning

Bygging av veg fram til inntaksdammen vil saman med mange andre tiltak som også begrenser villreinen sin arealbruk vere til skade for villreinen og med det lite ønskeleg.

§11. Kostnadshavar skal bere kostnader for å hindre miljøskade som tiltaket fører til

§12. Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Vurdering:

Planen som nå er til høyring blir vurdert som lang meir konfliktfylt enn den fyrste planen kommunen uttalte seg til, og der kommunen fremma innsigelse etter vassressurslova § 24. Det er særleg dei nye planane for veg heilt fram til inntaket som gjer planen konfliktfylt, men også andre tilhøve som det er peikt på i høyringsuttala frå 2011.

Konklusjon:

Dei endra planane for Einbugga kraftverk som er framlagt er svært konfliktfylte i høve til villreininteressene og blir vurdert å vere i konflikt med naturmangfaldlova. Det er særleg den planlagte vegen, og at den er ført langt inn i Einbuggdalen som er konfliktfylt. Ut frå miljøfaglege omsyn, og at det aktuelle kraftprosjektet er det klart mest konfliktfylte av dei tre aktuelle kraftprosjekta i Dovre, er det uheldig dersom det er dette prosjektet som blir gjennomført. Ei alternativ utbygging er å trekke inntaket lenger ut mot bygda og leggje atkomst og rørgate nede i ådalen og slik unngå dei store synlege inngrepa. Eit alternativ kan også vere å fjerne anleggsvegen etter at anleggsarbeidet er avslutta slik at tilsyn skjer langs eksisterande setervegmed ATV og snøscooter og vedlikehald skjer med helikopter.

Rådmannen er positiv til en god utnyttelse av lokale vannressurser. Det registreres at utbygger ikke ønsker å utrede et utbyggingsalternativ med mindre negative konsekvenser, men tvert imot fremmer reviderte planer som er mer konfliktfylte enn alternativet kommunen tidligere har uttalt seg negativt til. Rådmannen mener at et utbyggingsalternativ nede i Einbuggjelet på høyde med Bakkessætre (nedenfor Jønnmyrdalen) og med vegframføring nede i gjelet/på nordsida av dalen i liten grad vil berøre allmenne interesser og samtidig vil kunne gi verdiskaping for rettighetshaverne. En slik utbygging vil være langt mer skånsom både visuelt, estetisk og i forhold til villreininteressene.

Planendringssøknaden går i første rekke ut på omlegging av veg. Vegframføringen er flyttet lenger øst, med avkjørsel fra Grimsdalsvegen og helt inn til inntaksalternativene ved Haugjesætre i Einbuggdalen. Veggen skal være helårsveg. Rådmannen mener vegbyggingen, selv med bom, vil kanalisere folk og trafikk langt inn i områder som er relativt ubebygde og som er viktige natur- og friluftsområder for Dovre. Området mellom Grimsdalsvegen og Pilegrimsleden er i dag det minst utbygde arealet i tilknytning til hoveddalføret og innehar viktige områder for biologisk mangfold og friluftsliv.

Utbyggingsalternativet som nå foreligger med veg helt inn til inntaket vurderes av rådmannen som vesentlig mer konfliktfylt enn planen som PNU uttalte seg til i 2011 der kommunen la ned innsigelse etter vassressursloven § 24. Kommunen er fortsatt åpen for en utbygging i Einbugga, men da til en utbygging med betydelig mindre konflikter i forhold til villreinen. Rådmannen kan også tenke seg utredet et utbyggingsalternativ som innebærer at anleggsvegen blir fjernet og vegtraséen blir tilbakeført til opprinnelig terreng etter anleggsfasen. Tilsyn med inntaket kan skje med ATV om sommer og snøscooter om vinteren og følge traséen til eksisterende seterveg enten på nord- eller på sørsida av Einbuggdalen. Tyngre vedlikehold må da skje med helikopter. Det kan også være aktuelt å utrede et vegalternativ på nordsida av Einbuggdalen.

Planlagt veg vil gå gjennom et reguleringsplanområde og dette vil evt. medføre en reguleringsendring.

Vegbygging vil krysse flere vannveger i området. Vannvegene går videre ned gjennom svært bratte arealer som består av masser som er ustabile ved stor vannføring og mye nedbør. Det vises til merknad fra oppsittere langs Hovdevegen og Åse Løken.

Dovre kommune har i flere planprosesser, i tilknytning til enkeltstående byggeprosesser og i sin generelle argumentasjon for utvikling av nye tiltak i bygda lagt stor vekt på kanalisering av ferdsel. Blant annet er skiløyper og turstier lagt slik at all ferdsel skal kanaliseres langs hoveddalføret eller langs andre allerede utbygde områder. En veg inn i Einbuggdalen vil virke på tvers av alle andre kanaliseringstiltak i området. Dette mener rådmannen er svært uheldig. Vegbygging fra sør inn til Haugjesætre vil medføre økt ferdsel til alle tider av året og øke presset på rein og annet vilt. Rådmannen mener en bør skjerme området for slik utbygging.

Søker har hevet kravet til minstevannføring vinterstid fra 3 l/sek til 20 l/sek, minstevannføring om sommeren er ikke endret.

Rådmannen mener det er store friluftskvaliteter i området, deriblant fiske. Økningen av minstevannføringen om vinteren er positiv. Rådmannen er likevel usikker på virkningen av kraftverket på Einbugga som fiskeressurs i seg selv og Einbugga som gyteelv.

Søker har ikke gjort endringer i forhold til merknadene om landskapshensyn. Rørgaten og deler av driftsvegen vil fortsatt gå gjennom et nasjonalt verdifullt kulturlandskap. De illustrasjonene som er gjort i forhold til landskapsvirkning gir etter rådmannens mening et feil bilde av situasjonen etter utbygging. Det er brukt 10 meters utslag i rørgaten i visualiseringen, noe som trolig er for lite. Rørgaten skal for det meste gå i bratt terreng og utslaget vil bli større. Rådmannen mener tiltaket vil gi negative konsekvenser for landskapet.

Etter en samlet vurdering, der det framgår at tiltaket vil gi vesentlige negative konsekvenser for landskap, villrein, friluftsliv, fisk og andre viktige næringssatsinger i kommunen, så foreslår rådmannen at det legges ned innsigelse til tiltaket, jf. vannressurslovens § 24.

I kommunens innsigelse til forrige søknad ba vi om et bedre vurderingsgrunnlag, noe vi mener ikke å ha mottatt med denne siste søknaden. Rådmannen vil derfor anbefale utbygger på nytt å forbedre vurderingsgrunnlaget ved bl.a. å fokusere på:

- Adkomsten til området i hhv. anleggsfasen og driftsfasen
- Landskapshensyn

Rådmannens innstilling:

PNU-styret vedtar:

1. PNU-styret viser til rådmannens vurdering og slutter seg til denne som uttalelse til søknaden.
2. Dovre kommune mener at skader og ulemper for allmenne interesser som blir berørt gjennom den planlagte utbyggingen av vassdraget overstiger fordelene ved tiltaket både på kort og lang sikt og opprettholder sin innsigelse til tiltaket, jf. vannressursloven § 24.

Saksprotokoll i Plan-, nærings- og utviklingsstyret - 13.03.2013

Behandling

Arild Visdal (SP) kom med følgende endringsforslag:

Punkt 2 tas ut av rådmannens innstilling og nytt punkt 2 tas inn i vedtaket:

Utbygger anbefales på nytt å forbedre vurderingsgrunnlaget ved bl.a. å fokusere på:

- Adkomsten til området i hho. til anleggsfasen og driftsfasen.
- Landskapshensyn.

Dovre kommune tar initiativ til møte med utbygger og avklarer spørsmål som ligger i saken.

Vedtak

Rådmannens innstilling pkt. 1 og Arild Visdal sitt endringsforslag til pkt. 2 ble enstemmig vedtatt.

